

1. NÆR FOLK

Alle har rett på gode tenester i nærmiljøet. Helse- og omsorgstenester, barnehagar, skular, kultur- og fritidstilbod, politi, brannvesen og ambulanse skal vera godt utbygd i heile landet.

2. HEILE NOREG

Det unike med Noreg er at det bur folk i heile landet, og at det finst attraktive og gode lokalsamfunn uansett kvar du bur. Me skal ha ein nasjonal politikk som skapar levande lokalsamfunn i heile Noreg.

3. NORSK MAT

Om du vel norsk mat får du kvalitet, trygg og kortreist klimavenleg mat. Me vil styrka norsk matproduksjon, gjenoppretta kornlager, auka sjølvforsyningsgraden og styrka tollvernet.



Les meir på www.sp.no

4. NASJONAL KONTROLL

Me meiner at sterkare nasjonal kontroll over grunnleggjande samfunnsområde er nødvendig for å auka tryggleiken til folk i Noreg. Dei siste års kriser har vist kor sårbart eit land er, dersom det manglar sikker tilgang til mat, medisinar, energi eller arbeidskraft.

5. STYRKA FORSVAR

Marinen skal segla meir, våre fly skal flyga meir og Hæren og Heimevernet skal øva meir. Me vil styrka Forsvaret gjennom betra finansiering og auka bemanning. Forsvaret skal være meir til stades i nordområda.



NÆRLEIK TRYGGLEIK
NASJONAL KONTROLL

10
GODE
GRUNNAR
TIL Å RØYSTE



Senterpartiet

www.sp.no

sp
- nær folk -



6. NORSK KRAFT

Rimeleg og rein energi har vore eit grunnleggande velferdsgode, og er ein fordel for norsk industri og næringsliv. Me vil sikra stabile, rimelege og konkurransedyktige straumprisar i framtida og sikra nasjonal kontroll over kraftressursane. Me vil ikkje gje EU makt over norsk energipolitikk.

7. TRYGG OMSORG

Me vil at eldre må få bu i eigen bustad så lenge dei kan og vil, men ha tilbod om nok og trygge omsorgsbustader eller sjukeheimsplassar når dei treng det. Me vil ha eit sterkt offentleg helsevesen som garanterar likeverdige tenestetilbod i heile landet.

8. KVARDAGSØKONOMI

I ei usikker tid er opplevinga av tryggleik avgjerande. Eit viktig svar på dette er å føra ein politikk som bidreg til redusert prisvekst og dermed lavare rente. Noreg skal vera eit samfunn med høg velstand og små sosiale og geografiske skilnadar.

9. SIKRE ARBEIDSPlassAR

Norsk velstand og lokalsamfunn er i stor grad bygd på bruk av våre naturressursar. Me vil sikra at bruk av ressursane gjev verdiskaping og arbeidsplassar i heile Noreg, og heilskaplege næringskjeder frå råvare til produksjon i heile Noreg. Me vil gje norske bedrifter gode rammevilkår og redusera det samla skatte- og avgiftsnivået.

10. ENKLARE REISER

Me vil sikra transporttilbodet for å forenkla kvardagen til folk i heile landet. Infrastruktur bind landet saman og er ein uunnverleg del av kvardagslivet for folk og bedrifter. Me vidarefører billigare ferjer, lavare flypriser i distrikta og auka vedlikehaldet på veg og bane.



VELKOMEN PÅ LAGET

Støtt opp om Senterpartiets verdier og politikk – **bli medlem!**

SMS «SP» til 2360

senterpartiet.no/bli-medlem



Sp 
- nær folk

